

2019

Visitasmelding for kyrkja i Vinje



Tor Eivind Erikstein, Kjell Magne Grave,
Bjørn Nome (red), Ruth Miriam Kolstad
Varhaug Eilev Erikstein.

Vinje prestegjeld

10.04.2019

1. INNLEIING

Den førre visitasen i Vinje fann stad i Vinje prestegjeld januar 2012 og Rauland prestegjeld september 2004.

Dei to prestegjelda vart slegne saman til soknerådsvalet i 2015. Då vart og Møsstrond sokn slege saman med Rauland sokn.

Prestekontoret i Rauland vart lagt ned då sokneprest Per Sørensen gjekk av med pensjon sommaren 2016. Prestetenesta er omorganisera med eit lag på tre prestar, som også dekker sokna i Tokke.

Vinje kyrkjelege fellesråd har kontorplass i Åmot.

Kyrkjeleg statistikk er vedlagt som dokumentasjon for dei ulike tilhøva i prestegjeldet.

2. PRESTEGJELDET

2.1 Grenser, folketal og kyrkjemedlemskap.

Prestegjeldet består av 4 sokn som dekkjer heile Vinje kommune. Grungedal sokn, Vinje og Nesland sokn, Rauland sokn og Øyfjell sokn.

I Vinje kommune bur det litt over 3.700 personar. 78.6% av desse er medlemmer av Den norske kyrkja i 2017. I arealstørrelse er Vinje den største kommunen i Telemark. Den er større enn Vestfold fylke.

Det er tre barne- og ungdomsskular i Vinje. Dei ligg i Edland, Rauland og Åmot. I Øyfjell er barnehagen og småskulen organisert i Øyfjell oppvekstsenter.

2.2 Lokalsamfunnet, kultur- og samfunnsliv.

Vinje kommune har tre kommunesenter. Rauland, Edland/Haukeli og Åmot. Åmot husar kommuneadministrasjonen.

Det er eit rikt kulturliv i kommunen med aktive lag og foreiningar.

Universitetet i Sørøst-Norge har studiestad på Rauland der ein kan studere tradisjonskunst og folkemusikk.

Kyrkja har ein aktiv plass i kulturlivet i Vinje. Kyrkja steller til t.d. konsertar, songkveldar, verdiseminar og temagudstenester.

Kyrkja på Møsstrond er og ein del av Verdsarvområdet til Tinn og Vinje kommunar.

3. KYRKJEBYGG OG KYRKJEGARDAR

3.1 Kyrkjehusa, skildring og vurdering

3.1.1 Grunge kyrkje er ei tømra kvitmåla langkyrkje frå 1850 med våpenhus, skip med galleri, kor og sakristi/kyrkjestoge, som er tilbygg frå 1958. På 60-talet vart kyrkja pussa opp. Altertavla «Jesu gjenkomst til Grungedal» er måla av Harald Kile og rosemålar Aanund Lunden har måla døypefonten og symbola på preikestolen.

Kyrkja er godt vedlikehalden med unntak frå taksteinen over kyrkjestoga som må bytast.

3.1.2 Vinje kyrkje er ei tømra krosskyrkje frå 1796, som er bygd av åmotsdølen Jarand Rønjom. Frå slutten av 1100-talet stod det ei stavkyrkje på same tomte, som vart riven i 1795.

Fargen er den opphavelege-ein fin og sjeldan raudfarge med svarte og kvite hjørne. I våpenhuset finn ein ei gamal dør frå den gamle stavkyrkja. Framfor altaret står døypefonten som og er frå den gamle stavkyrkja.

Altartavla med motivet «Kristi gjenkomst til Vinje» er måla av Henrik Sørensen i 1932.

Kyrkja er elles rikt dekorera av kunstnarane Finn Kraft, Erik Werenskiold, Nanna Konig, Tore Holm samt bygdekunstnarane Sveinung Fetveit og Olav Kringlegarden.

Kyrkja fekk nytt tak og vart måla utvendig i 2011.

Det er starta opp prosjekteringsarbeid med tanke på eit nytt universelt inngangsparti.

3.1.3 Nesland kyrkje er ei langkyrkje bygd av tømmer i 1847 etter slottsarkitekt Linstow sine typeteikningar.

På Nesland stod det i mange hundre år ei stavkyrkje. Namngjeten fordi salmediktar M.B.Landstad i 1852 sende ut skriftet «Neslands kirke». Stavkyrkja vart riven då den nye kyrkja sto ferdig.

Innvendig har rosemålerane Øystein Vesaas og Knut Grasbekk måla i 1928. Dagfinn Werenskiold har dekorert altaret med utskurd og fargar.

Ljosekrona i tre er utforma av treskjerarane Jon Haugo og Bjørn Suregrav som skar ut fuglane i krona.

Kyrkja fekk ny utvendig måling i 2008.

3.1.4 Rauland kyrkje er ei krosskyrkje i tre frå 1803 med 220 sitjeplassar.

Kyrkja er bygd av Halvor Høgkasin frå Hjartdal som var elev av Jarand Rønjom. Kyrkja vart restaurert i 1953 og dekorert av målaren Kristian Kildal. Det er 220 sitjeplassar i kyrkja.

3.1.5 Møsstrond kyrkje er ei langkyrkje bygd i tre på same staden der gamlekyrkja stod då ho brann opp i 1919 etter eit lynnedslag. Kyrkja vart bygd av Olav Bitustøyl og dekorera av Sveinung Svalastoga. Kyrkja har 100 sitjeplassar.

3.1.6 Øyfjell kyrkje er ei langkyrkje i tre bygd i 1833 på same staden der det tidlegare stod ei stavkyrkje. Ho blei påbygd i 1964 med sakristi og bårerom. Usikkert kven som bygde kyrkja, men Olav Sveinungson Berge var med på tømringa. Kyrkja har 60 sitjeplassar.

3.2 Kyrkjegardar, skildring og vurdering

I Vinje har vi kyrkjegardar til alle dei seks kyrkjene våre. Alle kyrkjegardane er oppmerkte med felt og gravrekker og lagt inn i ein database. Fredingstid for urnegraver er 20 år. For kistegrave er fredingstida 30år bortsett frå Møsstrond som har 40 års fredingstid.

3.2.1 Grungedal kyrkjegard er det oppmerkt 786 graver. I tillegg kjem dei gravene som er festa og som kan brukast av familien etter 30.år.Kyrkjegarden vart utvida i 2007.

3.2.2 Vinje kyrkjegard har 2029 oppmerka graver. I tillegg kjem dei som er festa av familiar.

På Vinje kyrkjegard er det mange verna gravminne på den gamle delen av kyrkjegarden. Det er og avsett plass for ein ny muslims gravstad.

3.2.3. Nesland kyrkjegard har 383 oppmerka graver. På kyrkjegarden er det mange gamle verneverdige gravminne.

3.2.4 Rauland kyrkjegard har 1599 oppmerka graver. Kyrkjegarden vart utvida i 1970.

3.3.5 Møsstrond kyrkjegard har 246 oppmerka graver. Den var utvida i 2005. Grunna dei tøffe klimatiske tilhøva er fredingstida på graver her 40 år. Kyrkjegarden vart utvida i 2005.

3.2.6 Øyfjell kyrkjegard har 628 oppmerkte graver. Kyrkjegarden vart utvida i 2009. Det har dei siste åra hatt gåande dreneringsarbeid grunna tette grøfter og dårleg grunnarbeid ved opparbeiding av ny kyrkjegard. Kyrkjegarden vart utvida i 2009.

3.3 Andre bygg

På alle kyrkjegardane er det bårerom , opphaldsrom/kontor for kyrkjetenerane , toalett og reidskapsrom. I Grunge er det og møterom i eit tilbygg til kyrkja.

4. KYRKJELEGE TILSETTE

4.1 Tilsette i dag.

På den geistlege sida har me tre prestar i samarbeid med Tokke prestegjeld. Sokneprest Tor Eivind Erikstein, Fjellprest/Spesialprest Bjørn Nome og Ruth Miriam Kolstad Varhaug som er ungdomsprest.

På fellestrådsida er Kjell Magne Grave tilsett som kyrkjevevjerje i 80% stilling.

Sekretær er Reidun Nystog i 80% stilling.

Kyrkjetenerar er Tone Edland 50% stilling i Grungedal , Knut Rune Tveiten 100% stilling i Vinje og Nesland, Olav Jore 100% stilling i Rauland og Øyfjell samt Hilde Hovden i 20% stilling på Møsstrand

Organistar er Vaida Lamsodiene i 50% stilling og Robertas Lamsodis i 65% stilling. Robertas er og tilsett i ei 35% stilling i Tokke.

Vi er og med i eit samarbeid om diakonistilling i Vest Telemark. VI yter og tilskot til ein ungdomsarbeidarstilling i «Ønsket og Elsket» samarbeidet i Vest Telemark.

Alle sokna, unnateke Grunge sokn, samarbeider om ei kyrkjelydspdagog/trusopplærar og nyttar trusopplæringsmidlane til å finansiere denne. Dette skjer og i samarbeid med dei to sokna i Tokke, Fellestrådet i Tokke er har arbeidsgjevaransvaret. Denne stillinga er vakant.

4.2 merknadar til stillingsstrukturen

Dei tre prestane og kyrkjelydspedagogen er også del av staben i Tokke. Det krevjast noko meir planlegging og samhandling med kyrkjevevjerjene og råda mellom dei to prestegjelda. Det er nokre felles stabsmøter i året og nokre velferdsarrangement for å knytte stabane tettare. Det er innarbeida gode rutinar i høve til planlegging og kyrkjelege handlingar. Det har nok vore utfordrande for kyrkjelydane og ikkje lenger ha ein eigen sokneprest men tre ulike prester.

Å forhalde seg til to staber er til tider utfordrande. Det krev mykje tid og organisering å skulle vere innom begge kontora og halde kontakt med begge fellesskapa, dei seks sokna og begge fellestråda i Tokke og Vinje. Til tider er det tilbakemeldingar på at prestane er lite å sjå på kontora og at ein kunne ynskt noko meir fellestid. Og at det kan vere lenge mellom kvar gong dei ulike prestane er å sjå i dei ulike kyrkjene. Før var det fire prestar, knytt til kvart sitt geografiske område. No er det tre, med kvart sitt ansvarsområde. Den eine stillinga har og fått eit særskild ansvar som fjellprest. Eit arbeid som skal sjå på om ein kan utvikle noko i høve hytte- og turistnæringa.

4.3 Arbeidstilhøve

Kontortilhøva i Åmot er i dag for små. Kyrkjevevjerja og sokneprest har vore i tett dialog med kommunen om dette. Det kan no sjå ut som det finns ei løysing med nye kontor og mykje betre plass i den nedlagde barnhagen i Vinje, attmed Vinje kyrkje og Nynorsk litteratursenter. Det kan gje nye moglegheiter.

Kyrkjetenarane har tilfredstillande tilhøve ved dei ulike kyrkjegardane. Organistane har pr. i dag ikkje eige kontor, men det kan løyse seg ved ei evt flytting.

Arbeidet til dei tilsette inneber mykje køyring i egne bilar, og blir godtgjort. For prestane kan dette også vere ei utfordring særskilt på vintervegar og vanskelege køyretilhøve. Prostidiakonen har egen tenestebil, spørsmålet er om det kan lønne seg å ha tenestebilar også for prestane.

4.4 Stabsfelleskapet

Det er stabsmøte om lag ein gong i månaden med heile staben. Sidan dei tilsette arbeidar ulike stader med avstandar så er det det som er mogleg å få til. Stabsmøta blir leia av kyrkjeverja og har gode rutinar. Det er også 1-2 velferdsarrangement i året og har vore viktige for fellesskapet. Det er gode rutinar og utfordringar blir tekne hand om på ein god måte.

4.5 Særskilt om Ungdomspresten

Hovudfokuset har vore på

- Konfirmantarbeidet. Det har vore tre konfirmantgrupper, i Grunge, Vinje/Nesland og Rauland, samt to grupper i Tokke, Høydalsmo og Lårdal og Eidsborg, Mo og Skafså. Dei er til saman rundt 50 konfirmantar årleg, rundt 30 av dei i Vinje kommune. Det er mange kabalar som skal leggjast i høve til datoar og samlingar, då dei fleste samlingane er lokalt i si kyrkje, men òg nokre fellessamlingar.

- Å fylgje opp det som skjer i «Ønsket og Elsket» for årets konfirmantar, neste års konfirmantar og (sjå punkt 7.5) og dei som er med som leiarar etter konfirmasjonstida. Dette er det naturleg at fell under ungdomspresten sine arbeidsoppgåver

- Trusopplæringsarbeidet. Sjå punkt 7.4. Dette arbeidet har vore i samarbeid med kyrkjelydspedagogen

- Samarbeid mellom skule og kyrkje. Sjå punkt 6.2. Ungdomspresten har hatt hovudkontaktane med skular og barnehagar, og det er nok lurt at er slik. Gjennom trusopplæringa og konfirmantarbeidet får ein ei stor kontaktflate med born og unge

- Kyrkjelege handlingar. Det er viktig at ungdomspresten òg har kyrkjelege handlingar, slik at ein ikkje berre blir ein ungdomsarbeider. Naturlig nok har det vore færre gravferdar og nokre færre vigslar, for å få tid til barne- og ungdomsarbeidet. Antallet gudstenester er berre nokre få mindre enn sokneprest og spesialprest, og ein må kanskje sjå på om ungdomspresten skulle hatt enda færre etter kvart som det forhåpentlegvis blir med fleire i «Ønsket og Elsket», då går ein del helger til det arbeidet.

4.5.1 Kommenterar til ungdomspresteteneste

- Som ungdomsprest er ein mykje rundt i dei ulike kyrkjelydane, og det tek lang tid å bli kjent med folk, sjølv dei faste kyrkjegjengarane. Dette har vore ei utordring, då t.d. ein ikkje kjenner att namna på dei som står oppført som kyrkjevartar/tekstlesarar.

Dette har vore ei utfordring, men om ein er her lenge nok, kjem det seg. Nokon sokn er det lettare ein andre.

- Det er lurt at konfirmantane og konfirmantforeldra berre treng i hovudsak å forholde seg til ungdomspresten, då det er ein del informasjon som skal ut, og òg for å avlaste dei andre prestane. Ganske mykje tid går til kommunikasjon med konfirmantar og konfirmantforeldre.

- Stabsmessig tærer det på sannvittigheita at ein ikkje får tid til å vere så ofte innom dei ulike kontora, når ein har to stabar. Ungdomspresten har òg hatt oppmøtestad og eige kontor på Dalen, og er naturleg nok meir der. Det har vore ei utfordring å ikkje ha eige kontor i Åmot, og i tillegg at prestekontoret i Åmot er stappfullt av gamle bøker og permar. Forhåpentlegvis vil dette betre seg med nye kontorar. Det er lite plass til praktisk materiale som brukast i trusopplæringa og konfirmantarbeidet, og ikkje plass til å leggja frå seg noko der.

- Ei utfordring er det òg å ikkje sitte i nokon sokneråd, då tek det lengre tid å finne ut kven folk er, og ein får ikkje alltid med seg det som skjer eller er vedteke i soknet. Det har vore nokre fellessamlingar kring trusopplæringsarbeidet, og det har vore nyttig. Kanskje kunne ungdomspresten med fordel ha vore innom på soknerådsmøte i dei ulike sokna minst ei gong i året, men då går det ut over andre tida til oppgåve, så det er ei vurdering ein må gjere. Det handlar òg om å synleggjere seg for sokna så dei veit litt kva ein driv med, då mykje av fokuset er på trusopplæring og konfirmantar, for soknerådet òg.

Sånn reint organiseringsmessig trur eg det går fint an å vere ungdomsprest i Tokke og Vinje i saman, då det er mykje av det sama som skjer. Som ungdomsprest får ein vert ungdomsprest, både med tanke på trusopplæring, konfirmantarbeid og kyrkjelege handlingar. Det kan sjå ut til at det er meir bærekraftig å vere ungdomsprest i baa kommunane, enn det er å vere sokneprest og spesialprest i baa to. Ta til dømes konfirmantundervisninga – som ungdomsprest må ein ha 5 grupper uansett, nokon gongar saman. Og skal då soknepresten vere med og ha eit tema, for å møte konfirmantane, fordi den uansett må ha nokre konfirmasjonar, må han vere med på 5 samlingar, i staden for to eller tre.

Den strukturen bør ein kanskje heller tenkja om ein skulle endre på, slik at det er ein sokneprest i kvar kommune. Dette er ei vurdering ein må ta etter å ha sett korleis det er å arbeide på denne måten ei stund.

4.6 Særskilt om Spesialprest/Fjellprest

I omorganiseringa som fylgde av reduksjon i prestebemanning og avgangar. Vart den eine soknepreststillinga omgjort til spesialprest med ansvar for kontakt med turistane i sokna, hyttefolk og andre, også kalla «weekendsamfunnet». Arbeidstittelen på denne prestenesta er kalla «Fjellprest». Tanken var å integrere gjestane i soknet inn i den lokale kyrkjelyden for å styrke dei med dei ressursane dei tek med seg, samstundes at gjestane kjenner seg heime i sin andre ferie-kyrkjelyd.

VISITASMELDING TIL BISPEVISITASEN I VINJE - 7.-12.MAI 2019.

Dette er eit stort stykke arbeid. Det tek tid å bygge dei relasjonane, og til å endre kulturen ikkje berre i ein lokal kyrkjelyd, men også hos hyttefolk og andre som er der nokre helgar i sesongen.

Utfordringa er også at det ikkje fylgjer nokre andre ressursar med, i f.eks. forordninga som kan gje eit gudstenestetilbod i det tettaste hytteområda, rundt Rauland skisenter og Vågslid. Det er naudsynt å vere der, og ikkje berre i kyrkjene. Kyrkjelydane har uttrykt lite ynskje om å flytte fleire av gudstenestene ut av kyrkjene.

På grunn av avstandar og dei kyrkjelege handlingane som framleis er like omfattande som før. Også når spesialpresten sit i tre av sokneråda i arbeidsområdet. (to i Vinje og eit i Tokke). Så fungerer spesialpresten meir som ein vanleg sokneprest, også når ungdomspresten nyttar tida til sine oppgåver.

Førebels meiner spesialpresten at dette kan prøvast ut ei stund til og nytte tida over fleire år, og sjå kva vi kan få til. Det kan også sjåast på om prestetenesta kan førast attende til to sokneprester i kvart sitt prestegjeld og ein ungdomsprest på deling. Dette kan også føre til nye og kanskje vanskelegare tilhøve i organisasjonen.

5. KOMMUNEN OG KYRKJA.

5.1 Generelle vurderingar

Det har vore eit godt samarbeid og god dialog med Vinje kommune dei siste åra.

Kyrkjeverja deltek på leiarmøter og dialogmøte med politikarane på lik linje med andre leierar i kommunen.

Det har og vore ein god dialog i arbeidet med å finne nye kontorlokale til Kyrkjekontoret. Fleire alternativ har vore framme, men har no fått tilbod om å flytte inn i barnehagelokala i Vinjegrend attmed det nye Litteratursenteret.

5.2. Fellesråd og kyrkjeverje

MEDLEMMER OG VARAMEDLEMMER I FELLESRÅDET 2015-2019	Sentralbord	350 62 300 (Vinje kommune)
	Eksp. kyrkjekontor	350 62 585 (ty, on og to: 09-15)
	Prestekontor Vinje	350 62 586 / 95237673
	Kyrkjeverje	350 62 587 / 90634599
	Telefaks	350 62 584

Frå Grungedal sokn

Namn	Merknad
1. Tore Olav Svalastog	Nestleiar i fellesråd Medlem av adm. utv
2 Ingebjørg Bråstøyl	Vara til fellesrådet

Frå Vinje og Nesland sokn

Namn	Merknad
1. Trond Gaastjønn	Medl. av fellesrådet og nest.leiar adm. utv.
2 . Ragnhild Rinden	Vara til fellesrådet

Frå Rauland sokn

Namn	Merknad
1. Jon Olav Hauge	Medlem av fellesrådet
2. Jon Olav Hauge	Vara til fellesrådet

Frå Øyfjell sokn

Namn	Merknad
1. Jorunn Rorge	Leiar i fellesrådet Leiar i arbeidsutvalet.
2. Gudny Lid Unhjem	Vara til fellesrådet

Biskopens representant

Namn	Merknad
1. Tor Eivind Erikstein	Medlem av fellesrådet Medlem av arb.utval.
2. Bjørn Nome	Vara til fellesrådet

Frå Vinje kommune

Namn	Merknad
1. Gunn A Seltveit Bøe	Medlem av fellesrådet
2. Kjetil Midtgarden Vaagen	Vara til fellesrådet

Kyrkjeverje i Vinje kommune

Namn	Merknad
Kjell Magne Grave	Sekretær i fellestrådet

5.3 Kyrkja i kommuneplanane, økonomi.

Vinje kommune har vore flinke til å ta med kyrkja i kommuneplanane. Nokre av planane vert diskutera i leiargruppa, medan andre planar fylgjer vanleg saksgang med høyring, folkemøte m.m.

I det siste har kyrkja kome med innspel i planen for å hindre vald i nære relasjonar og trafikktryggleiksplanen.

Økonomien har vore utfordrande for fellestrådet dei siste åra, men i budsjettet for 2019 fekk me auke i ramma frå kommunen. Dette samt ei stram økonomistyring har gjort at ein har tatt att tidlegare års meirforbruk. Kommunen og politikarane yter og støtte til vedlikehalds- og investeringsprosjekt som fellestrådet søker om.

Det vart i 2017 framforhandla ny tenesteytingsavtale med kommunen. Den nye avtala er i hovudtrekk lik den gamle.

Vinje kommune fører og rekneskapen for fellestrådet.

5.3 Nye prosjekt/planar.

Det er starta opp eit arbeid med å prosjektere ny inngang ved Vinje kyrkje. Dette er eit arbeid som har pågått i om lag 30 år. No er fellestrådet , bispedømet og Riksantikvaren med i planlegginga , så det er godt håp om snarleg bygging.

Det er og planlagt å byte takstein på tilbygget til Grunge kyrkje. I Grunge er det og ei orgelgruppe i sving som ivrar på å få finansiert pengar til eit nytt elektrisk orgel. (Jmf 7.2.2.)

6. KYRKJA OG SKULEN

6.1 Generelle vurderingar

Kyrkjelydspedagogstillinga og ungdomspresten er viktig for trusopplæringa, men også for kontakten med skulene i kommunen.

Samarbeid mellom skule og kyrkja har vore høgt prioritert. Tidligare har det vore noko samarbeid rundt jul med nokre av skulane, men ingen barnehagar. Dette har endra seg, no er det stort sett tilstellingar for alle skulane og barnehagane i kommunen

6.2. Samarbeid, kyrkje – skule – barnehage

Nå er alle skulane, utanom Edland, besøkt i jola, eller at dei kjem til kyrkja. Då er det anten at presten har ei helsing på ei jolesamling, ljosomesse, eller skulegudsteneste i kyrkja.

I tillegg har me vore klare på at me gjerne kan brukast i undervisning i ulike fag, t.d. KRLE, då me kanskje har kunnskap om ulike ting, og dette har leiinga tatt vidare. Dette gjorde at me vart invitert til vaksenopplæringa rundt jol, og då var temaet advent og jol og tradisjonar knytt til dette.

Alle barnehagane, utanom i Øyfjell, er med på jolevandring, det er me særst nøgd med. Då har nokre av vandringane vore i barnehagen, og nokre har vore i kyrkjene. Ein del barnehagar har gitt uttrykk for at dei har ynskje om å ha noko samarbeid rundt påske, så det er noko me vil få til, t.d. ei påskevandring.

I hovudsak er samarbeidet mellom skule og kyrkje betre og me er med på fleire ting, sjølv om me så klart har eit ynskje om å vere alle stadar.

Alle desse møtepunkta me har er viktige for oss, for å vise at kyrkja er til stades, og òg som ein del av lokalsamfunnet. Me håper og trur at det gode samarbeidet vil halde fram, og at me kan vere til stades på enda meir av det som skjer.

7. SOKNERÅDA OG ARBEIDET I KYRKJELYDENE

7.0. strategi og visjon

Kyrkjelydane i Vinje har ikkje arbeida med formuleringar kring visjon og målsetting. Det er naudsynt å ta dette opp med dei nye sokneråda som kjem på plass etter valet.

7.1 Medlem i sokneråda

(Spesialprest møter på vegne av sokneprest i to av sokneråda)

LISTE OVER SOKNERÅDA 2015-2019	
Vinje og Nesland sokn	
Ragnhild Rinden	Leiar/vara til Fellestrådet
Halvor Versto	Nestleiar
Karin Nordvik	Kasserar
Signe Bråstøyl	Sekretær/kult.kont
Liv Oddny Høgset	
Trond Gaastjønn	Medl. Fellestrådet
Tor Eivind Erikstein	Sokneprest
Grungedal sokn	
Mari Øien	Medlem

VISITASMELDING TIL BISPEVISITASEN I VINJE - 7.-12.MAI 2019.

Gerd Svalastog	Leiar, kulturkontakt/leiar kulturkomite/ orgelkomite
Elin Helen Selen	Medlem
Ingebjørg Bråstøyl	Kasserar/vara til fellesrådet
Tore Olav Svalastog	Medl. Fellesrådet
Tone Edland	skrivar / trusopplæringskontakt
Bjørn Nome	Spesialprest (medlem e.f.)
Rauland sokn	
Anne Merete Angre	Leiar/kontaktperson Møsstrond
Bodil Gjerde Olufsen	nestleiar/ kulturkontakt
Jan Petter Simonsen	Skrivar (Vara)
Jon Olav Hauge	Kasserar/ medlem fellesrådet.
Kevin Nordjordet	Medlem
Odd Solheim	Medlem
Bjørn Nome	Spesialprest (medlem e.f.)
Øyfjell sokn	
Gudny Lid Unhjem	Leiar/vara til fellesrådet
Jorunn Rorge	Skrivar + fellestråd
Karin Drivarbekk	Kasserar.
Tor Eivind Erikstein	Sokneprest

7.2 Generell vurdering av livet i kyrkjelydane

Kyrkjelydane i Vinje er prega av sterke tradisjonar og kultur. Med nokre ulike trekk. Dei er også prega av ei god folkekyrkjeleg forankring. Kyrkja står sterkt i medvitnet til dei som er medlem og andre i området.

Det er tilhøve ved soknegrensene som trengs å vurderast på nytt sidan soknegrensene og skulekrinsane er ikkje i samsvar med kvarandre. Sjå eige punkt 7.12.

Under fylgjer ein vurdering av tilhøva knyta til dei einskilde kyrkjelydane

Trusopplæring og konfirmantarbeid er omhandla samla i et eige punkt 7.4.

7.2.1. Vinje og Nesland sokn

Dei to sokna ble slegne saman for nokre år sida. Det er nokså tydeleg at med få som bur i nærleiken av Nesland kyrkje, så er det lite tilstellingar i den kyrkja. Men soknerådet har hatt god oppslutnad kring nokre song og salmekveldar i Nesland kyrkje og I Vinje kyrkje i løpet av dei siste åra. Soknerådet har i fleire år arrangera joleverkstad med svært stor deltaking av born og unge.

Sidan dei to kyrkja i soknet ligg eit stykke frå området der dei fleste bur så har ein nytta lokale i Åmot til ulike tilstellingar.

Kyrkjelyden har lite samarbeid med pinserørsla som har sitt kyrkjelydshus i Åmot. Det er ei gudsteneste på Knatten Grendehus nord i soknet. Soknet har også styrkt samarbeidet med Litteraturdagane i Vinje og det nye Litteratursenteret på Vinjar. Dette vil også utvikle seg i framtida når kontorlokala vert flytt til Vinjegrend. Ved årets litteraturdagar er det i gang samarbeid om Blix og nynorskliturgien sitt jubileum.

7.2.2. Grungedal sokn.

Kyrkjelyden har stor aktivitet for born og unge i speidararbeid og trusopplæring. Dei har vald å ikkje vere med på samarbeidet om kyrkjelydspedagog på grunn av at dei fleste trusopplæringsmidlane er bunde opp kring dette. Samstundes har soknerådet vald å støtte enkelttilstellingar som til dømes. Lys Vaken og Tårnagent sidan born også frå Grungedal sokn deltek på desse.

Soknerådet og andre skipar ofte konsertar i Grunge kyrkje. Også til inntekt for nytt kyrkjeorgel som er ønska av soknerådet. Det er enda eit stykke att før finansiering er på plass.

Soknerådet samarbeider med NKSS og KFUK i trusopplæringsarbeidet. Det er to gudstenester i året på Karten fjellkyrkje som er eid av den lokale speidargruppa og har et eige styre. Det har vore noko uvisse om framtida til Karten, men ser ut til å vere på rett kurs nå.

Det har også vore drøfta med spesialprest i soknerådet og på kyrkjelydsmøte om det skal vere meir aktivitet på Haukelifjell og Vågslid med mykje hytteturistar.

Soknet er opptekne av at vi opprettheld det som er fastsatt i forordninga og har teke opp dette med sokneprest og prost.

7.2.3. Rauland sokn

Kyrkjelyden var tidlegare to sokn, Rauland og Møsstrond. Båe dei tidelegare kyrkjelydane har vore representera i soknerådet. Soknerådet har siste periode hatt ein del utskifting p.g.a. fråflytting av faste medlem.

Kyrkjelyden hadde fram til 2016 eigen sokneprest som budde i prestegjeldet. Med ny organisering vart dette forandra.

Det er også ein aktiv sundagsskule i soknet med mange born.

Busetnaden i Rauland sokn er litt yngre enn elles i kommunen. Raulands-akademiet (no del av universitetet) og Rauland attføringscenter pregar tettstaden.

Kyrkjelyden arrangerer konsertar i Rauland kyrkje og Møsstrond kyrkje. Og har eit godt samarbeid med musikkorpset på Rauland.

Dei ulike arrangementa og gudstenestene er godt besøkt av kyrkjelyden og hytteturistar, særleg i joletida og påska. Det har i fleire år vore naudsynt med to gudstenester på jolaftan. (om lag 300 personar på kvar).

Å knyta hytteturistar tettare opp mot kyrkjelyden har vore drøfta i soknerådet.

7.2.4 Øyfjell sokn

Dette er det minste soknet i prestegjeldet, men har eit aktivt sokneråd og stiller opp for kyrkjelyden. : Soknet har det siste året hatt felles samling med pinsørsla på langfredag. Og viktigast av alt er det gode arbeidet og samarbeidet omkring sundagsskulen i Øyfjell.

7.3 Arbeidstilhøve, økonomi og lokalar

Det meste er nemnd under dei ulike generelle vurderingane av sokna. Som det går fram så er mykje av aktiviteten knytt opp mot kyrkjebygga. Det er likevel ei utfordring at fleste av desse kyrkjene ligg utanfor dei tettast befolka områda, men kyrkjelydane har nytta kommunale og andre lokale i arbeidet for å betre aktiviteten.

Økonomien i dei ulike sokna er nokså god og sokna er gode til å nytta midlar til det beste for kyrkjelydane. Dei ulike sokneråda har drøfta bruk av ofring til eigen verksemd som truleg må gjennomførast oftare i framtida.

Det har vore drøfta i sokneråda om det også skal organiserast ei givarteneste for å styrke økonomien og gje større handlingsrom for dei tiltaka vi ynskjer.

Det er i inneverande år nytt soknerådval. Dette har vore ein stor utfordring. Det er krevjande å få medlemmar til å stille til val, og i skrivande stund, få som stiller til attval. Dette kan på sikt føre til at organiseringa med dei ulike soknegrensene må vurderast. Dette har vore drøfta i dei ulike råda. Men er ikkje aktuelt no. Det kan vere tegn på at det har vore litt lettare å få laga vallister

7.4 Trusopplæring

Kyrkjelydane i Vinje har kome litt i gang med trusopplæring etter at trusopplæringsplanene vart godkjent. Dei tiltaka me har satsa på, er Ljos Vaken, Tårnagent, skulestartsamling for 6- og 7 åringar og bokutdelingar.

Nokre av desse tiltaka har me i dei lokale kyrkjene, t.d. bokutdelingar. Dette tiltaket har fungert særst godt, då har me eit opplegg med bønnevandring på same gudsteneste, og nokre av sokneråda har og valt å ha utdeling av andre bøker.

Når det kjem til Ljos Vaken, har me valt å ha dette over eit større område, då har me invitert både Tokke og Vinje kommune til ei kyrkje. Tanken er at då bytar me anna kvart år på kva for ein kommune me har tiltaket i. Kan vere dette etterkvart vert annakvart år og.

Tårnagent starta med opp med i år, og då er heile kommunen invitert til ei av kyrkjene, og det same gjaldt skulestartsamlinga.

Me håper etterkvart at me skal få starta andre tiltak òg som er på planen, men til no har me valt ut nokre som me fokuserer på. Dette treng også ei auka deltaking av friviljuge.

Etter at ungdomane blir konfirmert, vert dei invitera til å vere med på «Ønsket og Elsket», leiarkurs for heile Øvre Telemark prosti. Dette er òg ein del av trusopplæringa.

7.5 «Ønsket og Elsket»

Konfirmantåret startar med leir, og ungdomane blir kjent med «Ønsket og Elsket». Etter dette er konfirmantsamlingane i kyrkjene i dei lokale kyrkjelydane, men me har og nokre felles møtepunkt for alle i kommunen, i tillegg til større felles arrangement for alle dei var på leir med. Det har vore viktig at det er i sjølve kyrkja, slik at dei blir trygge på kyrkja, at

det blir ein god plass å vere, at ein ikkje berre er der t.d. i gravferd, men at det rommar heile livet.

Fyrste året konfirmantane hadde moglegheit for å vere med som leiarar i «Ønsket og Elsket», var i 2017, då det var i 2016 at dei var med på konfirmantleir for fyrste gong. Det var fleire som var interesserte i å vere med som leiarar, og då fristen var over, var det to som hadde meldt seg på. Desse to seier dei er nøgd med opplegget, og i år òg er det fleire som har lyst til å vere med som leiarar, så me trur og vonar at dei vil melde seg på.

Ynsket vårt, er at gjennom denne leiartreninga får leiarane moglegheit til å utvikle seg åndeleg og som leiarar, og me får bruke meir tid på ei mindre gruppe. Dei vil og vere ein ressurs i kyrkjelydane, då me som tilsette kan bruke dei inntil 9 timar utanom det som er obligatorisk. Til no har dei vore med på konfirmantundervisning som leiarar, og på Ljos Vaken, og me prøver å få dei med på litt ulike ting. Etterkvart som dette blir meir kjent, og fleire forhåpentlegvis melder seg som leiarar, håper me at dette er noko me kan ikkje berre bruke som ein ressurs, men rekruttere til kyrkjelege yrker, at dei kan sjå at kyrkja er ein spanande arbeidsplass.

7.7 Diakoniarbeidet

Prostidiakonmodellen, eller Vest- Telemark modellen i diakoni, er vel innarbeidd i Vinje. Med denne stillinga fekk Vest- Telemark i 1985 landet fyrste prostidiakon. Kyrkje og kommune har gjennom åra støtta godt opp om denne organiseringa. Mellom arbeidsoppgåvene er krisegrupperarbeid, samtaler og besøk , sorggrupper for ungdom. I 2019 er det Gå- vidare gruppe for heile Vinje i Åmot, og ei gruppe kalla Ung- Sorg i Rauland.

Sidan 2008 også samarbeid med psykisk helse om pilegrimsvandring ” Å vandre med håp”. Denne vandring skjer i august, og går frå Grunge til pilegrimskyrkja i Røldal.

Frå 2004 er det halde årleg Verdiseminar saman med Vinje kommune.(Kulturårshjulet). Desse seminarane er tenkt å vera ein stad der ein tek opp tema som

ikkje så mange andre tek opp. Fjorårets seminar handla om Åsmunds O. Vinjes livssyn. Hausten 2011 vart det for fyrste gong halde eit Verdiseminar for ungdomsskulelevane i Vinje. Tema var : ” Å velje rett”. Årets visitas tek opp denne tradisjonen .

Det er eit aktivt diakoniutval Grunge kyrkjelyd, eldretreff på Grungom, Diakoniens Dag og Olsoktreff på Nordheimstunet er oppgåvene. Dei andre sokneråda i kommune har valt å fungere som Diakoniutval sjølve. Det er Diakoniplanar i Vinje/Nesland og Grunge sokn. Rauland og Øyfjell manglar oppdatera planar.

Diakoniens Dag går på omgang mellom dei ulike kyrkjelydane. Elles vert det halde minnemesser på Helgemesse.

7.8. Samarbeid Kyrkje og misjon

Dei ulike sokna har hatt litt forskjellige samarbeidsavtaler i høve til prosjekt. Når alle har hatt avtale med NMS og nokon av sokna trengte å fornye avtalen. Så valde sokna å samle seg om det same prosjektet i avtale med NMS retta mot Thailand.

Slik kan vi også ha eit felles fokus i trusopplæringa og konfirmantarbeidet.

Arbeidet med nye samarbeidsavtalar og felles prosjekt har vore ein bra prosess for å styrke kyrkjelydane sitt misjonsengasjement.

7.9. utviklingshemma sin plass i kyrkjelydens liv.

Det har vore lite samarbeid med kommunane om dette. Prostidiakonen har ivareteke mykje av dette arbeidet på en god måte.

Når det har vore naudsynt har vi ivareteke konfirmantars trong for tilrettelegging og deltaking i undervisninga.

Til ulike tilstellingar så har vi framleis ei utfordring i Vinje kyrkje med universell utforming. Framleis ligg nytt inngangsparti på planstadiet.

7.10 Kyrkjemusikalsk arbeid.

Det er eit godt samarbeid med korps og kultur i prestegjeldet. I Vinje er det eit lite barnekor som deltek på nokre tilstellingar.

Organistane er også engasjera i det lokale musikklivet. Det gjev nokre ringverknader.

Det skal også nemnast at samstundes som Vinje kommune er ein av landets største og beste på kulturskularbeidet og har mange lokale krefter. Så er det også eit stort profesjonelt miljø. Dette nyttar kyrkjelydane også seg av med konsertar og deltaking i gudstenestelivet. Dette fører også med seg at det er ein økonomisk utfordring, men det kyrkjemusikalske tilbodet vert såleis på høgt nivå og gjev store opplevingar.

Det er djupe røter i folkemusikken i prestegjeldet. Dette bør ein arbeide meir med, slik at det kan få ein enno større plass i kyrkjelivet. For mange år sida var det folkemusikkmesse. Dette har ein som mål å få til igjen

7.11 Kyrkjelydenes andelegesituasjon

Sjølv om det er sterke folkekyrkjelege røter så er det nokre ulike tilhøve i dei ulike sokna. Samla sett så står det kyrkjelege tilbodet ved livsfasar sterkt. Likevel merker vi også at dåpstala går ned, og at deltaking av born ved bokutdelingar også er mindre. Vi ser også at deltakinga ved trusopplæringstiltaka som er felles for sokna, er svært godt mottekne, det same med konfirmasjonsopplegget. Vi meiner derfor at ordninga med eigen ungdomsprest, og kyrkjelydspedagog (trusopplærar) er svært viktig for eit aktivt kyrkjeliv i framtida.

Det har tidlegare vore bibelgrupper og husgrupper i nokre sokn. No ser vi at det også er ein liten etterspurnad etter dette.

Så er arbeidet i prostidiakonatot heilt umisseleg og har stor verknad på folk sin oppfatning av kyrkja i lokalmiljøet. Dette arbeidet som i mange år er lagt ned av diakonen gjev ein viktig kontaktflate og gjer at menneske kjenner seg heime i kyrkja.

7.12. Justering av soknegrensar

Det trengs ein justering av soknegrensene mellom Rauland, Grungedal og Vinje og Nesland sokn.

- Arabygdi tilhøyrar Rauland sokn, men Edland skulekrins. Arabygdi bør tilhøyra Edland sokn
- Mogane nedanfor Grunge bru, tilhøyrar Grungedal sokn, men Vinje skulekrins. Dette bør også flyttast til Vinje og Nesland sokn.

Dette er naudsynt fordi det merkast i arbeidet med trusopplæring og i konfirmantarbeidet, som sokna er engasjerte i.

8. GUDSTENESTELIVET.

8.1. Gudstenesteforordninga

Det er ei gudstenesteforordning som seg slik ut:

For Vinje og Nesland sokn:

Kyrkje	Søn- og h.dag	Andre	Sum	Merknad
Vinje kyrkje	14	1*	17	*Skulegudstenester
Nesland kyrkje	4			
Friluft	1			
Felles utanfor soknet	1			Årsmøte i diakonatot
Knatten	1			
Kostveit	1			
Sum	22	1	23	

VISITASMELDING TIL BISPEVISITASEN I VINJE - 7.-12.MAI 2019.

For Grunge sokn:

Kyrkje	Søn- og h.dag	Merknad
Grunge kyrkje	20	
Karten fjellkyrkje	1	
Felles utanfor soknet	1	Årsmøte i diakonatet
Sum	22	

For Rauland sokn:

Kyrkje	Søn- og h.dag	Andre	Merknad
Rauland kyrkje	21	1*	*Skulegudsteneste
Møsstrand kyrkje	6		
Arabygdi grendehus	2		
Friluft	1		
Felles utanfor soknet	1		Årsmøte diakonatet
Sum	31	32	

For Øyfjell sokn:

Kyrkje	Søn- og h.dag	Merknad
Øyfjell kyrkje	13	
Felles utanfor soknet	1	Årsmøte diakonatet
Sum	14	

Dette freistar vi å take vare på så godt som råd. Det er somme gonger ynskje om ulike andre gudstenester, men vi må balansere dette i høve til ressursane som fellesrådet har til råd, som t.d. gudstenester i hytteområde. På grunn av felles presteteneste og arbeid med felles kyrkjelydspedagog har det blitt fleir fellesgudstenester enn det som er forordna med den eine for prostidiakonaten i Vest Telemark.

8.2. Utvikling av Gudstenestelivet

Det er trong for å utvikle gudstenestelivet. Det er nokså låg deltaking ved enkelte gudstenester. Dette også for det at nokre kyrkjelyder er små, men kan også ha noko å gjere med sjølve gudstenestelivet.

Vi trur at deltaking av frivillige, konfirmantar og born er positivt. Også kulturelle innslag har mykje å si for gudstenestelivet.

Kyrkjelydane nyttar litt ulike variantar av den ordninga som vart anbefalt ved gudstenestereforma. Men sjølv om variasjonane er små, meiner prestane at det er naudsynt å få ein heilt lik ordning. Fyrst og fremst for å lette førebuingar men også for å gjere sjølve gudstenesta betre

Arbeidet med dette har ikkje vore prioritert, men i samband med vedtaket på kyrkjemøtet om justeringa av ordninga vil dette bli gjort i framtida, i samarbeid med sokneråda og kyrkjelydsmøta.

To av sokna, Grungedal og Vinje og Nesland, nyttar eldre versjon av Herrens Bøn. Det har vore drøfta i sokneråda om å endre dette og vil framleis vere til drøfting i framtida. Prestane meiner det bør endrast sidan born og ungdom lærar seg Herrens bøn slik den er i den nye omsetjinga.

Det er også ved enkelte høve vore felles gudsteneste i prestegjeldet, med deltaking frå alle sokna. Det gjev ei god oppleving og syner eit større fellesskap, og kan vere viktige gudstenester for det andelegelivet i sokna. Dette må også sjåast nærare på i høve til forordninga.

8.3. Gudstenestedeltakinga

Som det går fram frå statistikken (s. 13 i vedlegg) så er det små variasjonar frå dei siste ti åra, men det er ein lita nedgang. Dette kan ha fleire forklaringar også i høve til forordna gudstenester. Rauland sokn skil seg ut, men det kan delvis forklarast med den svært folksame jolaftan. Likevel så kan ikkje det vere den einaste forklaringa. Dette er nyttig å studere nærmare. Rauland har også eit høgare tal på frivillige (s.23 i vedlegg) Elles må deltakinga sjåast i høve til folketal.

9. SAMARBEID MED ORGANISASJONAR OG ANDRE SOKN.

9.1. Arbeid for ytre og indre misjon

Alle kyrkjelydane har misjonsavtale med NMS og dette vil nyttast meir i trusopplæringa og konfirmantarbeidet.

9.2. Samarbeid med andre sokn/prestegjeld

Alle sokna utanom Grungedal, samarbeider om ein stilling som trusopplærar/kyrkjelydspedagog. Dei andre sokna er Eidsborg Mo og Skafså sokn, og Høydalsmo og Lårdal sokn i Tokke prestegjeld. Fellestrådet i Tokke har arbeidsgjevaransvar og budsjettansvar.

Vinje prestegjeld delar tre prester med Tokke prestegjeld. Dette fører med seg at kyrkjelydane i Tokke også ved nokre høve deltek på fellesgudtenester også for begge prestegjelda.

9.3. Samarbeid med andre kyrkjesamfunn

Det er som nemnd eit godt samarbeid i Øyfjell sokn med den lokale Pinsekyrkja, dette inkluderer også delar av Rauland kyrkjelyd. Det er også kontakt og samarbeid med einskilde medlem frå den katolske kyrkja i sokna.

Det er naudsynt og nemne at det har vore samtaler med representant frå ein av Pinsekyrkjene og prestane, med tanke på samarbeid og fellesskap. Dette har også vore utfordrande med ulike teologiske standpunkt i synet på likekjønna ekteskap.

9.4 Samarbeid med det muslimske trussamfunnet

Det har det siste året verte etablert ein moské i Åmot (verdas fyrste og einaste nynorske moské), og kyrkja har også kontakt med den. Representantar derfrå har delteke på t.d. verdiseminar. Denne kontakten vil vi betre og utvikle i framtida.

9.5 Samarbeid med andre organisasjonar og institusjonar

Det har vore mindre av samarbeid med andre organisasjonar og institusjonar med nokre unntak. Rauland kyrkjelyd har nokre gonger vere i kontakt og nytta lokala til Raulandsakademiet. Det har vore arrangert Trafikktryggleiksmesse i samarbeid med utrykkingstenestene og raude krossen.

Så har det dei siste åra vore samarbeid med Litteraturdagane i Vinje og det nye «Nynorsk litteratursenter» det vil også utvikle seg i framtida.

10. KYRKJELYDANE OG KOMMUNIKASJON

Dette punktet er ikkje ein del av «malen» men naudsynt å ta med i ein visitasmelding i 2019.

Kyrkja i Vinje nyttar fleire plattformer for å nå ut til folk, for å informere og fortelje om det som har gått føre seg.

Kyrkjelydane samarbeider om felles kyrkjelydsblad «Kyrkjelyden». Dette kjem ut to gonger i året og er satt saman av ein liten redaksjon. Prestane bidreg med stoff til dette.

Kyrkjelydane nyttar også avisannonser til kunngjeringar og informasjon om ulike tilstellingar.

Vinje kyrkjelege fellesråd har ansvar for nettsida til Kyrkja: (www.vinje.kyrkja.no) Den er oppdatert med nyaste hendingar og er påmeldingsstad for ulike kyrkjelege handlingar som dåp og konfirmasjon. Det er kyrkjevevja som har redaksjonelt ansvar for sida, men prestane og kontorsekretær kan publisere.

Prestane, Diakon og kyrkjelydspedagog har også ansvar for ei Facebook- side (facebook.com/tokkeogvinjekyrkja) Denne nyttast til kunngjeringar og deling av bilde og video frå seinaste tilstellingar og er eit nyttig verktøy for å nå medlemmar og innbyggjarar.

Spesialpresten/fjellpresten nyttar også Instagram (www.instagram.com/fjellprest/) for å kommunisere med brukarar av den tenesta med emneknaggar og følgjarar.

11 KONKLUSJON OG FRAMTIDSVON

Kyrkja i Vinje har vore i endring, fyrst og fremst i organiseringa av prestetenesta. Dette har gjeve nokre utfordringar men fremst opna nye moglege vegar for sokna. Fyrst og fremst ved at kontakten mellom kyrkjelydane og andre aktørar aukar og såleis også moglegheiter for åndeleg vokster og auka deltaking i kyrkjelydane. Såleis trur vi at dei viktigaste tiltaka og ynskjene våre er desse:

- Vi trur at det bør evaluerast og evt. vurderast om endringa i prestenesta tener kyrkjelydane og staben. (jf. 4.)
- Soknegrensene i delar av Vinje treng ein revisjon slik at det er meir samsvar med skulekrinsane (jf. 7.12.)
- Trusopplæring og ungdomsarbeidet er i vekst og for å utvikle dette så treng sokneråda og kyrkjelydane frivillige. Eit arbeid med rekruttering og utvikling av vaksne og ungdom som finn sin plass i arbeidet for born og unge er viktig for oss. (jf. 7.4.)
- Diakonien i det daglege og i ulike tilbod skal utviklast. Oppdatera diakoniplanar og diakoniutval vil kome på plass i alle sokna. (jf. 7.7.)
- Kyrkjelydane opplever det godt å møtast på ulike fellesarrangement og gudstenester. Dette vil vi evne å få til fleire av i framtida. (jf. 9.2.)
- Det vil vere viktig å få organisera ei givarteneste for å styrkje aktivitetane og tilbodet i kyrkjelydane. (jf. 7.3.)
- Kyrkjene er oftare nytta til konsertar og andre kulturelle uttrykk. I kulturkommunen Vinje så er dette viktig og skapar ein viktig møteplass. Dette er ein viktig stad å møte menneske på. Dette vil auke også i tettare samarbeid med kulturfeltet og folkemusikkmiljøet. (jf. 7.10.)
- Vi ynskjer oss også eit nytt orgel i Grunge kyrkje. Det kan utløyse og utvikle eit godt gudstenesteliv og kyrkjemusikalsk fornying. (jf.. 7.2.2.)
- Det nye Litteratursenteret vert truleg ein god nabo til kyrkja og kyrkjekontoret, og det samarbeidet som allereie er godt i gang, vil vi utvikle. Vinje kyrkje vil vere med på å styrke nynorsk som målform i Den Norske Kyrkja. (jf. 9.5.)

Vi trur at kyrkjelydane i Vinje i framtida kan vere ein viktig stad for menneske som ynskjer seg: ***Ein Himmel over, Røter under og Fellesskap i livet.*** Ved å nytte våre ressursar, og arbeide for at dei vert styrkja i framtida, også i samarbeid med andre skal kyrkja i Vinje framleis vere ein stad for vårt møte med Gud og med kvarandre.

(Vedlegg: kyrkjeleg statistikk, Program for Visitasen 7-12 mai 2019)